



Ronald Schjelderup  
Mjåtveitstø 14  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4446 - 16/5012

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
09.03.2016

## Godkjenning - gnr 22 bnr 28 og 45 - utslepp til minireinseanlegg.

### Administrativt vedtak. Saknr: 62/2016

**Tiltakshavar:** Ronald Schjelderup og Rune Rading  
**Ansvarleg søkjar:** Stusdal VVS  
**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20-1

### Saksutgreiing:

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om utslepp frå to fritidsbustader i Mjåtveitstø, gbnr 22/28 og gbnr 22/45. Storleiken på utsleppet er sett til 5 pe. I samsvar med søknad skal utsleppet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Anlegget skal plasserast på eigedomen gbnr 22/82 som vist på situasjonskart, dagsett 08.12.2015 og 05.01.2016. Det ligg føre naudsynt erklæring som gjev eigedomane løyve til til dette, samt løyve til å føre reinsa avlaup til terreng/grøft på same eigedomen.

Det ligg føre solidarisk avtale om kostnadsdeling, installasjon og vedlikehald av anlegget.

Eigedomen gbnr 22/28 har privat vassforsyning, eigedomen gbnr 22/45 er tilkopa kommunalt vassverk. Det oppgjeve i søknaden at det skal installerast vassklosett.

### Nabovarsling

Utsleppet vart nabovarsla 11.12.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket. Administrasjonen er samd med søkjar i at det ikkje er trong for ytterlegare nabovarsling og stiller difor ikkje krav om dette.

### Erklæring om ansvarsrett

Føretaket Stusdal VVS har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

## **Vurdering:**

### Planstatus

Eigedomane gbnr 22/28 og gbnr 22/45 ligg i eit område der føresegnene til kommuneplanen ikkje er til hinder for tiltak på eigedomen, jf planføresgnene 2.1.1.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon. Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløyve frå to fritidsbustader, 5 pe, på eigedomane gbnr 22/28 og gbnr 22/45 i samsvar med søknad dagsett 08.01.2016, situasjonskart dagsett 05.01.2016 og supplerande dokumentasjon motte i perioden 11.01.-01.02.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg, der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng naboeigedomen gbnr 22/82. Naudsynt erklæring ligg føre.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av avlaupsanlegg for eigedomane gbnr 22/28 og 22/45, samsvar med søknad dagsett 01.02.2016. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan datert 05.01.2016, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

### Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

22-28 og 22-45

**Mottakere:**

Ronald Schjelderup	Mjåtveitstø 14	5918	FREKHAUG
Rune Rading Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS